

## Referat

Prosjekt : **Dale gravplass, Vaksdal**  
Sted : Teams  
Dato : 20.05.2021

[www.abo-ark.no](http://www.abo-ark.no)  
[post@abo-ark.no](mailto:post@abo-ark.no)

**Avdeling Os**  
Org.nr. 879 951 542  
Hamnevegen 53,  
PB. 291, 5203 Os  
Tlf: 56 57 00 70

**Avdeling Stord**  
Org.nr. 917 495 637  
Torgbakken 9  
PB. 667, 5404 Stord  
Tlf: 53 40 37 80

### Tilstades:

Vaksdal kommune	Helge Berset, kommunalsjef
Vaksdal kommune	Tore Henrik Øye, landbruk
Vaksdal kommune	John Hoshovde, VA
Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd	Bjart Magnus Ndogo Rosvold
ABO Plan & Arkitektur AS	Arne Kristian Kolstad, <a href="mailto:arne@abo-ark.no">arne@abo-ark.no</a>
ABO Plan & Arkitektur AS	Unni Sjursen, <a href="mailto:unni@abo-ark.no">unni@abo-ark.no</a>

---

Kopi til: Anne Hilde Osvold, Tone Mjellelid Dale og Torstein Mehus.

Referent: Unni Sjursen

---

- Helge Berset gjekk igjennom status for saken:

Vaksdal kommune er forslagsstiller på vegne av Fellesrådet. Forprosjektet er utført av Akasia. Det har vore eit uformelt møte med NVE og Statsforvaltaren.

Kommunen/Fellesrådet har dialog med grunneigar, men har ikkje formelt hand om arealet enno. Det planlagde arealet er landbruksjord. Det gjer det utfordrande i høve til regional mynde. ABO må gjere ei vurdering om planarbeidet utløyser krav om konsekvensutgreiing.

- Kva vert arealet brukt til i dag?

Øye: Dette er ein del av eit landbruksområde på 9,9 daa. Jorda er av god kvalitet- fulldyrka jord. Arealet er leid vekk og blir brukt som slåttemark. Det er ingen husdyrhald på eigedomane. Arealet må vurderast etter jordlova- bruk av dyrka mark. Det er viktig at ein ser på alternativ bruk av matjorda. Avbøtande tiltak mot grunneigar er viktig å sjå på, som jordforbetring, her er fortsatt ein del landbruksareal igjen. Vaksdal kommune har ikkje sett av kjerneområde landbruk i kommuneplanens arealdel. Øye vil gjere ei jorbruksfagleg vurdering av området.

- Kva er det viktigaste for Fellesrådet?

Rosvold: Viktig å få omregulert området då kommunen har eit stort behov for meir areal til gravplassar. Viktig å regulere inn dei 3 parkeringsplassane i området.

Området er i illustrasjonen til Akasia delt inn i A1 og A2. Dette er gjort for å eventuelt kunne bygge ut gravplassen i to utbyggingstrinn A1 før A2.

- Er det behov for masseutskifting?

Ja, det er mest sannsynlig et behov. Området ligg og i sone 2 for grunnvassforsyning. Ein må difor være varsam med flytting av lausmassar til arealet nedanfor planområdet. Det kan og vere leirproblematikk i området.

- Tilkomst og kryss

Ved utviding av gravplassen vil ein også sjå på utforming av tilkomst og kryss. Det er dårlig sikt i kryss pga. bustadhus tett på vegen.

- Skal areal B tas med i planområdet ved varsel om oppstart?

Nei, plangrensa blir berre med areal A.

#### Framdrift:

- ABO- gjer ei KU- vurdering. Nødvendig med planprogram?
- Berset avklarar om det er ein offentleg eller privat plan. Nødvendig med planinitiativ?
- Øye- gjer ei landbruksfagleg vurdering.
- Synfaring- 2. juni kl.11. ABO kallar inn.
- ABO- bestiller digitale kart frå Tone Dale.
- Varsle oppstart i juni.
- ABO sender over oppdragsbekreftelse til Berset.
- Faktura sendast til: EHF eller epost: [faktura@vaksdal.kommune.no](mailto:faktura@vaksdal.kommune.no), Merk: Dale gravplass, avdeling Samfunnsutvikling.

Os, 20.05.2021

Med vennleg helsing

**ABO Plan & Arkitektur AS**

Unni Sjursen